

Innkomne framlegg til årsmøtet til Vestland Ap:

Rassikringsmidlar.

Framlegg: Innspel til NTP: Viser til nasjonal rassikringsgruppe si kalkyle over kostnader ved å rassikra fylkesvegar. Rassikringsmidlane som vert tildelt til fylkesvegar må aukast til minimum 6,5 milliardar i året.

Grunngjeving: Behovet er enormt, og vil auka med klimaendringane.

- -

Omkøyringsvegmidlar inn på NTP.

Framlegg: Vegprosjekt på fylkesvegar som er naudsynte heilt eller delvis av di vegen tener som omkøyringsveg for hovudfartsårer på riksvegar og europavegar må heilt eller delvis finansierast over statsbudsjettet.

Grunngjeving: Når «statlege» vegar (Europavegar, riksvegar) stengjer ofte, må trafikken ta ein annan veg. Det vert ofte ein fylkesveg. Dersom slike vegar må utbetrast/rassikrast og omkøyring er ein viktig grunn til at det er behov for det, bør staten ta sin del av kostnadane.

- -

Uttale vedr KVV arm til Bergen.

Framlegg: Det må snarast koma ei konseptvalutgreiing av «arm til Bergen» frå E134 Haukelivegen.

Grunngjeving: Vegen er svært samfunnsøkonomisk lønsam, og vil også avlasta rasfarlege og utsette vegstrekkjer.

- -

Industriuttale til årsmøte i Vestland AP 2-3 mars 2020

Årdal AP, Høyanger AP, Bremanger AP, Ullensvang AP, Kvam AP, Kvinnherad AP

Industri

Industrien skapar store verdier og mange arbeidsplassar på Vestlandet. Vi vil gje vår industri ein større plass i vårt arbeids- og næringsliv. Vestlandet har mange fortrinn som gjer det muleg, med rik tilgang på naturressursar, høg kompetanse og konkurransefortrinn som ligg i den norske modellen.

Det ligg eit stort potensiale innan fleire industrielle sektorar, mellom anna kraftforedlende industri, design- og merkevaredrive industri, samt råvareindustri. Mineralnæringa må utviklast vidare med høge miljøkrav og med vekt på produktutvikling og innovasjon.

Ein stor del av norsk industri står i dag i det teknologiske skiftet med interessante framtidsmulegheiter. Bedriftene skal omstille seg til ein meir miljøvenleg produksjon. Vestland AP vil at staten stiller opp med omstillingsmidlar gjennom ENOVA.

Trepartsamarbeidet blir stadig viktigare for norsk industri. Dei bedriftene som lukkast med omstilling har høg medverknad og høg organisasjonsgrad. Vestland AP vil ha fokus på det fagleg politiske samarbeidet.

Ambisjonen om å ta ressursane våre i bruk, både på land og i havet, skal kjenneteikna vår industripolitikk. Framover må norsk industri få gode og langsiktige rammevilkår.

Vestland Arbeidarparti vil:

- føre ein aktiv næringspolitikk, som legg til rette for eit nyskapande, kunnskapsbasert og klimavenleg næringsliv.
- vidareføra CO2-kompensasjonsordninga etter 2020 med minst 75% kompensasjon. Dette er viktig for å sikra norske arbeidsplassar, og sørge for at industri ikkje vert flytta til land med mindre stram klimapolitikk.
- leggja til rette for og utnytte vårt fortrinn ved at fornybare og framtidsretta energiressursar som t.d. sol-, vind- og vasskraft vert nytta til vidare utvikling av norsk kraftforedlende industri.
- satse på dei unge ved å betre lærlingordninga og fagutdanninga. Industriproduksjon vil i framtida vere kunnskapsbasert og vil stille krav til kontinuerleg etter- og vidareutdanning.
- ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investere i norsk industri.
- ha fokus på forvaltning av vasskraftressursane slik at det i framtida vil vere grunnlag for industriproduksjon i landet.

- -

Havbruksskatt 1.

Framlegg: Det bør innførast ein grunnrenteskatt i havbruksnæringa.

I år der grunnrenta er negativ bør den negative grunnrenteskatten betalast ut frå staten påfølgjande år. Ei ordning med avskrivningar over fleire år vil kunne svekka likviditeten til selskapa og vera ei fare for naudsynte investeringar.

Ein andel av grunnrenteskatten bør gå til havbrukskommunane og fylkeskommunane og fordelast etter same nøkkelen som havbruksfondet har i dag.

Grunngjeving: Skatten bør berre råka superprofitt – denne næringa er ekstremt kapitalintensiv, og bør ikkje skattast for hardt. Ikkje minst av omsyn til at næringa kjem til måtte gjera store investeringar i åra som kjem, særleg når det gjeld meir rømningssikre anlegg, oppsamling av kloakk og avlusningsteknologi.

Ein opplever no at det vert stadig meir motstand mot å leggja ut nye område til havbruk. Ein viktig grunn til det er at folk ikkje opplever at det vert nok verdiar att lokalt. Dette er hemmande for utviklinga av denne viktige næringa. Næringa og kommunane har ei felles interesse i å endra dette.

Havbruksskatt 2:

Framlegg: Det bør også innførast ei produksjonsavgift basert på samla konsesjonsgjeve volum fisk i dei aktuelle havbrukskommunane.

Grunngjeving: Meir av verdiskapninga i næringa bør liggja att lokalt.

- -

Den statlege tilskotsordninga for ressurskrevjande brukarar (BPA o.a).

Framlegg: Aldersgrensa i tilskotsordninga må fjernast.

Grunngjeving: Den statlege tilskotsordninga for ressurskrevjande brukarar, m.a. dei med rett til brukarstyrt personleg assistent fell i dag vekk når brukaren fyller 67 år. Dette kan vera svært belastande for kommunane sin økonomi.

- -

Ein bed om at styret får høve til å gjera redaksjonelle endringar i uttalane før dei vert oversende Vestland Ap.